

# **Prosjektplan Les og le! 2016 - 2018**

## **Mål og rammer**

Den kritikaroste forfattaren Erna Osland kom denne våren ut med den nynorske fagboka "He-he! Den livsviktige latteren" på Samlaget. Boka tek opp ulike sider ved latteren og klovn er ein gjennomgåande figur-illustrert av Per Ragnar Møkleby. Blir vi snille av å le? Eller friske?

Osland har initiert eit samarbeid mellom teaterkonsulent Frøydis Flotve, scenekunstnar Ingeborg Stige og Nynorsksenteret for å lage eit formidlingsprogram som kan skape interesse for og formidle boka om den livsviktige latteren. Prosjektet har som mål å få born til å bli kjende med ny sakprosa om tema som dei sjølve kan gå vidare med å utforske og skrive om. Ut frå denne utforskinga og utvikling av formidlingsopplegg har Ingeborg Stige og Frøydis Flotve fått lov til å ta i bruk boka og ideane for å lage ein heilt ny teaterproduksjon med klovn som bodbringar, samt at Os barne- og ungdomsteater skal utvikle ei ny framsyning om latter som skal føre til tekstar andre barne- og ungdomsgrupper kan ta i bruk.

Prosjektet er det andre samarbeidet mellom Osland og Flotve. Det første var gjennom Vestlandske Teatersenter, der prosjektet "Dans vêret" basert på fagboka «Når det regnar i Afrika» skal ut på sin første turné i Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane hausten 2016.

Prosjektet vil gå nye vegar for å auke lesegleda og gi kunnskap om eit viktig tema: Den livsviktige latteren.

- Latter kan vere ein døropnar og er ein av dei få fenomen i verda som kan knyte saman alle uavhengig av bakgrunn og språk. Latteren er livsviktig for liv og læring – og det vil vi vise. Målet er å skape interesse for den gode latteren.

I ei tid som er prega av store problem og alvorlege truslar er latteren noko som bind oss saman og sørger for balanse i tilværet. Latterprosjektet er livsviktig både for små og store og på sikt kan dette vidareførast til integrering og eldreomsorg. Unge i dag slit med psykiske utfordringar fordi alle krava og problema rundt dei tek overhand. Her vil latterprosjektet med utgangspunkt i faktaboka vere til hjelp.

## **Dei medverkande**

Frøydis Flotve er prosjektleiar og teaterkonsulent, med innspel frå forfattar, Erna Osland, samt klovn og formidlar, Ingeborg Stige.

## Framdriftsplan

2016:

- Plan- og søknadsarbeid
- Utforske klovnens sitt syn på latter. Kva er den gode latteren?
- Finne nøkkelkapittel frå boka som skal formidlast og vere improvisasjonsgrunnlag for eit manus med teatergruppene.
- Produsere klovnens si formidling av latter, samt utvikle situasjonar og tekst
- Teste ut delar av materialet på ulike aldersgrupper.
- Utvikle undervisningsopplegg og framsyning som skal tilbydast til skular gjennom DKS.  
Allereie avtalt presentasjon for Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane.
- Ferdigstille manus som skal produserast vår 2017
- Engasjere komponist

2017:

- Manus- og formidlingsopplegg kan i etterkant brukast av andre grupperingar over heile landet. Dette vil generere materiale og røynsler for mogleg etterbruk.
- Kurse fleire latterformidlarar som kan tilby det ferdige opplegget over heile Vestlandet.
- Skrivekurs og latterproduksjon på skular, bibliotek og forsamlingslokale.

2018:

- Spreie latteren til alle deler av samfunnet. Teste ut tematikken på eldre, innvandrargrupper, i bedrifter og på arbeidsplasser.
- Effektivisere og skape ei positiv utvikling gjennom latter!
- Kurse fleire latterformidlarar som kan tilby det ferdige opplegget vidare over heile landet.
- Skrivekurs og latterproduksjon på skular, bibliotek og forsamlingslokale.

## Kunstnarisk nyskaping

Faktabok og latterformidling kan skape store synergieffektar.

Det representerer noko nytt, og er ein flott moglegheit for litterær formidling som kan føre til leseglede, faktasøking og kreativitet. Nysgjerrigheita vil bli pirra for eit breiare felt av samfunnet. Å sjå eit vakse menneske som ler så tårene sprutar berre av latteren i seg sjølv, frigjer ein enorm energi og livsglede. Gjennom dette vert det etablert nye møteplassar for ulike miljø og publikum. Vi har latteren felles. Det er skremmande fakta at vaksne berre ler 15 gonger pr. dag, medan barn ler over 300 gonger på den same tida.

## Samarbeid

Ut frå dette vil det også komme samarbeidsprosjekt der ein kan kombinere profesjonelle kunstnarar med amatørteaterverksemd, barn og unge. Dette er tiltak som kan føre til vekst i samfunnet og eit sterkare fellesskap. Å kople saman faktaformidling til latter er ein genial læringsmetode. Barn lærer gjennom leik. Vaksne lærer også betre gjennom det som er leik- og lystbetont. Å skape interesse, nysgjerrigkeit og glede ved faktaboka kan ein klare gjennom den leikande tilnerminga. Klovnens vil vere døropnaren. Klovnens treng ikkje raud nase, men han viser vegen gjennom det opne og ærlege blikket.

## Nyskapande formidling

- ✓ Latteren skal gi rom for utviklinga av barn og ungdom si livsglede og vise det mangfaldet som finst i humor og latter.
- ✓ Ved å setje fokus på korleis latteren kan løfte oss opp, og korleis den vondskapsfulle, falske latteren kan bryte oss ned, kan vi få ein større refleksjon rundt tema som mobbing og utesenging.
- ✓ Vi har moglegheit til å ta vare på Vestlandet sine frie scenekunstnarar ved å rekruttere fleire latterformidlarar.
- ✓ Nye scenetekstar for barn og unge, der dei sjølve har vore med å skrive er nødvendig for at det skal angå målgruppa. Det vil skape rom for gjensidig inspirasjon, kreativitet, kompetanseutvikling og kunnskapsoverføring.

Budsjett pr. år over ein 3 årsperiode:

Kostnader		Inntekter	
Aktivitet	Kostnad pr. år	Bidragsyter	Beløp pr. år
Utvikle og kartlegge undervisningsopplegg og skrivekurs innan sakprosa og kreativ skriving	50 000,-	Hordaland fylkeskommune, KUP Litteraturbruket Eigeninnsats	-15 000,- -30 000,- -5000,-
Koble ulike scenekunstnarar gjennom verkstad, kurs- og kompetanseutvikling. Engasjement av latterformidlarar.	35 000,-	Hordaland fylkeskommune, KUP Eigeninnsats	-25 000,- -10 000,-

Utvikle produksjon og undervisningsplan, manus og musikk saman med barn og unge.	47 000,-	Hordaland fylkeskommune, KUP Os kommune KUP Os Kommune, kulturmiddlar Eigeninnsats	-15 000,- -12 000,- -10 000,- -10 000,-
Synleggjering av latteren som verkemiddel.	20 000,-	Hordaland fylkeskommune, KUP Eigeninnsats	-5 000,- -15 000,-

**Søkt om midlar pr. år i 3 år frå Kulturelt utviklingsprogram kr. 60 000,-**

**Til saman kr. 180.000,-**